



Vestland Fylkeskommune
seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv
Avdeling for innovasjon og næringsutvikling
PB 7900
5020 Bergen

11. februar 2021

post@vlfk.no

Søknad om å leggja ut separat fôrflåte ved lokalitet 11687 Ramsvik i Alver kommune for Lerøy Vest AS

Lerøy Vest AS (LV) disponera havbrukslokalitet 11687 Ramsvik i Radfjorden Alver kommune. Denne lokaliteten består i dag av eit kompakt stålanlegg med 8 bur på 25 x 25 meter med integrert flåte i anlegget med ein MTB på 2 500 tonn. LV søkjer nå om å fortøya ein separat fôrflåte ved sida av stålanlegget, for å erstatte flåten som er integrert i anlegget.

Flåten som vert plassert her har eigne fôrsiloar og fôringsanlegg, slik at vi vil leggja fôrslangar på sjøen frå flåten og inn på stålanlegget. Fôret vil verta blåst frå silo, gjennom fôrslangar og ut til fisken i merdane. Eit slikt tiltak vil betra sikkerheita for dei tilsette som skal ta imot fôret da ein slepp å motta fôret i storsekkar og etterfylla fôr på siloane, da fôrbåten nå vil levera fôret direkte på silo.

Ut frå ovannemnde søkjer hermed Lerøy Vest om å leggja ut separat fôrflåte ved lokalitet 11687 Ramsvik i Alver kommune.

Treng De ytterlegare informasjon, ver venleg ta kontakt med underteikna.

Vedlegg:

- Vedlegg 6.1.1 Kvittering for betalt gebyr
- Vedlegg 6.1.2 Straummåling
- Vedlegg 6.1.3 a)-d) kartvedlegg
- Vedlegg 6.1.4 Undervasstopografi
- Vedlegg 6.1.5 Beredskapsplan Havbruk
- Vedlegg 6.1.7 Særskilt vedlegg ved store lokalitetar
- Vedlegg 6.1.9 IK-System
- Vedlegg 6.2.1 Ramsvik MOM-B
- Vedlegg 6.2.1 Ramsvik MOM-C

Med venleg helsing

Nils Arve Eidsheim
Samfunnskontakt
Lerøy Vest AS og Sjøtroll Havbruk AS

LERØY VEST

Skipavika 54,
N-5397 Bekkjarkvik, Norway

Phone + 47 91 91 18 00
Foretaksregisteret/VAT NO 886 813 082 MVA

Email firmapost@sjotro11.no
leroyseafood.com